
Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 31.03.2005
Sakshandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Tilsynsmelding 2004 frå Helsetilsynet**

Styresak 44/05 B

Styremøte 25.04. 2005

Bakgrunn

Helsetilsynet har lagt fram *Tilsynsmelding 2004*. Tilsynsmeldinga inneheld i hovudsak artiklar om ulike sider av Helsetilsynet si verksemd, men også kronikkar og intervju skrive på oppdrag frå Helsetilsynet.

Ei nettutgåve av tilsynsmeldinga ligg på Helsetilsynet si nettside www.helsetilsynet.no

Kommentarar

I tilsynsmeldinga er det fokusert på problemstillingar knytt til tillit og truverd til helse- og sosialtenestene og til pasienttryggleik. Vi har valgt ut nokre område kor Helsetilsynet peikar på særlege utfordringar.

Mange rusmiddelmissbrukarar får ikkje nødvendig helsehjelp

Med rusreforma har rusmiddelmissbrukarane som blir tilvist til behandling fått pasientrettar på lik linje med andre brukarar av spesialisthelsetenester. Svært viktig i denne samanhengen er retten til nødvendig helsehjelp og korleis tenestene vurderer og praktiserar slik hjelp. Helsetilsynet har inntrykk av at mange rusmiddelmissbrukarar ikkje får dei helsetenestene dei har trong for. Tilsynet vil følgje nøye med på rusområdet framover. Tilgjenge til tenestene, forsvarlege samhandlingstilbod, samhandling, medverknad, informasjon og samtykke vil stå sentralt for eit felles landsomfattande tilsyn som er planlagt i 2006.

Fødeinstitusjonane har for dårleg oversikt over egne resultat

Dette var oppsummeringa av det landsomfattande tilsynet med fødeinstitusjonar i 2004. Leiinga ved fødeinstitusjonane må ta eit betydeleg større ansvar. Ofte er verksemda prega av uklare ansvarstilhøve og dårleg oversikt over resultat og komplikasjonar. Dette gjer det vanskeleg å få eit samla grunnlag for å vurdere fødselsomsorga i Noreg.

Ansvar mellom legar og jordmødrer må avklarast. Det bør leggjast til rette for betre kommunikasjon og samarbeid, og for å redusera talet på alvorlege hendingar må alle fødselshjelparar vita kva som skal gjerast når det oppstår noko akutt og uventa. Til tross for ei rekkje alvorlege funn, presiserer Helsetilsynet at det er trygt å føda ved norske fødeinstitusjonar.

Feil i diagnosar, koder og journalføring ved fleire sjukehus

Etter opplysningar om at kodepraksis ved Sørlandet sykehus ikkje var i tråd med regelverket, blei det ført tilsyn med øyre-nase-hals avdelingar og nevrologiske avdelingar ved tre sjukehus i landet. Helsetilsynet fann brot på kodereglane ved alle avdelingane. Opplæringa i kodevalg var ofte mangelfull og tilfeldig. Det fantes få retningslinjer for korleis kodereglane skulle etterlevast. Det var også mangelfulle system for å fanga opp feil valg av kode. Manglande samsvar mellom journalopplysningar og koding tyder på svikt i sjukehusa sine journal- og informasjonssystem.

Resultatet av endra kodevalg var oftast auka utbetaling via innsatsstyrt finansiering.

Mangelfull kunnskap om bruk av tvang i psykisk helsevern

Helsetilsynet ser alvorleg på at det ikkje fins data som gjer greie for bruk av tvang i psykisk helsevern på ein tilfredstillande måte. Data som kan vera med å forklara forskjellar i bruk av tvang, er heilt nødvendig for å kunne setja inn tiltak. Ein av intensjonane med lov om psykisk helsevern er å redusera tvangsbruken.

Helsetilsynet har rådd Helse- og omsorgsdepartementet til å vurdere aktuelle tiltak for å sikra nødvendig rapportering av pasientdata om tvang.

Framleis press på plassane i psykiatriske akuttavdelingar

I forskrifter vert det stilt både formelle, bemanningsmessige og materielle krav til institusjonar som skal ha ansvar for tvungent psykisk helsevern. Tvangsinnlagte skal, så langt råd er, ha tilbod om einerom, og institusjonen skal ha rom som er eigna til å isolera og skjerma pasientar. Funna i ei kartlegging av psykiatriske akuttavdelingar som Helsetilsynet gjennomførte i 2002 og 2003 gjev grunn til uro. Sosial- og helsedirektoratet følgjer opp desse tilhøva som ein del av opptrappingsplanen for psykisk helse.

Helsetilsynet si oppfølging av beredskaps- og smittevernplanar

Kartlegging viser at ved årsskifte 2004-2005 var der berre eit fåtal kommunar som ikkje hadde smittevernplanar. Helsetilsynet bad også dei regionale helseføretaka om å gjera greie for status i høve til smittevernplan og beredskap med tanke på influensaepidemi. Helseføretaka sine planar for helsemessig- og sosial beredskap blei også følgt opp, og dette arbeidet fortset i 2005.

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

